

Kunstnarane Magnhild Øen Nordahl og Cameron MacLeod har samarbeida om å lage ei utstilling som dei er invitert til å vise i galleriet Grand Palais i den sveitsiske hovudstaden Bern i perioden 26.09-09.10 2018. Prosjektet tek dei med seg vidare til eit gjestekunstneropphald ved det anerkjende senteret Banff Center for Arts and Creativity i Canada i starten av 2019. Nordahl og MacLeod har tidlegare saman starta opp Aldea senter for kunst, design og teknologi i Bergen. Utstillinga og gjestekunstnaropphaldet vil gagne deira eigen kunstneriske praksis, men også hjelpe dei å bygge opp Aldea gjennom å knytte nettverk til liknande organisasjonar i utlandet, og fordi kunstprosjektet er av ein slik art at det vil hjelpe dei å etablere det digitale verkstedet til Aldea.